
Vår referanse	2021/16315-17
Dato	12.10.2021
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no

Lerøy Vest AS

5397 BEKKJARVIK

Lerøy Vest AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune

Vi syner til søknad frå Lerøy Vest AS motteke 13.04.2021, kor det vert søkt om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune.

Vedtak

Vestland fylkeskommune gjev med dette Lerøy Vest AS, org.nr. 886813082, med akvakulturløyva med reg. nr. H-R-6 og H-R-9 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnamn	Kommune	MTB
13209	Bognøy	Alver	1560 tonn

Løyve gjeld for ei anleggsplassering som vist i vedlagte kart og som har følgjande koordinatfesta posisjonar i grader og desimalminuttar (Kartdatum Euref 89/WGS84)

Midtpunkt	1	2	3	4	5	6
N 60° 36.265'	N 60° 36.216'	N 60° 36.281'	N 60° 36.318'	N 60° 36.253'	N 60° 36.224'	N 60° 36.203'
Ø 5° 04.550'	Ø 5° 04.635'	Ø 5° 04.408'	Ø 5° 04.454'	Ø 5° 04.680'	Ø 5° 04.751'	Ø 5° 04.719'

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande akvakulturløyve:
Lerøy Vest AS: H-R-6 og H-R-9.

Løyvet H-R-9 omfattar ein MTB på 733 tonn. Løyvet H-R-6 omfattar ein MTB på 1222 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Vestland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova og hamne- og farvasslova.


BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Lerøy Vest AS søkte 11.02.2021 om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune

Noverande anlegg på lokaliteten består eit kompakt stålanlegg med fire bur på 25 x 36 meter med fôringsanlegg plassert på land.

Selskapet søker no om å erstatte stålanlegget med eit meir framtidsretta anlegg bestående av tre 160 meter ringar på rekkje i rammefortøyning med 80 x 80 meter ramme. Det vert samtidig søkt om å leggja ein flåte i aust, som kan føra alle merdane, slik som vist i kartet under.



Lokalitet 13209 Bognøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 1560 tonn.

Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 11.01.2011. Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse for anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 1560 tonn.

Høring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn. Det kom ikkje inn lokale merknader i samband med offentlig høyring.

Alver kommune har opp summert sin uttale av 13.09.2021 slik:

«Alver kommune registrerer at fleire aktørar i oppdrettsnæringa driv og gjer det vi oppfattar som ei modernisering av anlegg. Overgang frå stålrammer til ringar. Så vidt vi er kjent med gjev mellom anna noko betre driftstilhøve, moglegheit for betra fiskehelse og større spreingsareal for avrenning frå anlegget. Dei vedlagte miljøundersøkingane stadfestar at botnforholda ikkje er gode og at tiltak for forbetring kan vere på sin plass.

Søknaden syner at den endra og auka arealbruken held seg innan for areal som i kommuneplanens

arealdel er lagt ut arealbruksføremål akvakultur. Slik sett har ein ikkje særskilte merknadar til søknaden, men oppmodar om at gjennomføring og dialog med andre brukargrupper i og rundt området vert gjort så smidig som mogleg.

Søknaden har vore kunngjort og det er motteke innspel frå Fiskarlaget Vest. Søkjar er gjeve høve til å gje uttale til denne. Innspel og uttale tek opp kjente utfordringar og interessemotsetningar knytt til bruk og utnytting av sjøareala.

Slik søknaden ligg føre har Alver kommune ikkje særskilte merknadar.».

Sektorstyresmaktene si handsaming

Kystverket handsama søknaden 19.09.2021. Med heimel i hamne- og farvassloven § 14 tredje ledd bokstav a, vert det gjeve løyve til endra plassering av anlegg ved lokaliteten Bognøy i Alver kommune.

Mattilsynet Region Sør og Vest har ikkje fått tilsend søknaden. Mattilsynet har utifrå ei vurdering av effekt av vedtaka bestemt at dei ikkje treng å få tilsend søknader om arealendring. I tidlegare vedtak av 22.06.2012 har Mattilsynet godkjent etableringa.

Fiskeridirektoratet region Vest har handsama søknaden 20.09.2021. I sjøområda rundt Bognøy der anlegget er lagt ut, har Havforskningsinstituttet registrert gyteområde for torsk. Fiskeridirektoratet har registrert fiskeplassar (garn) i Landsviksosen og Bognøystraumen, og i Geitnesvågen og Bognevågen er det registrert låssettingsplassar. Fiskarlaget Vest skriv i sin høyringsuttale at dei er uroa for kva påverknad oppdrettsanlegget har for gyteområdet som er registrert, og dei vil ikkje akseptere ei eventuell søknad om auka biomasse i anlegget. Dei er og skeptisk til det auka arealbeslaget og kva konsekvensar dette vil ha for utøving av fiske i Landsviksosen. Fiskeridirektoratet region Vest påpeiker at ei utviding av anlegget vil medføre at fiskeplassar kan bli mindre tilgjengelege, men ser likevel ikkje konfliktpotensiale som så stort at ein vil rå i frå søknaden.

Statsforvaltaren i Vestland har handsama søknaden 17.09.2021. Statsforvaltaren endra utsleppsløyvet på lokaliteten Bognøy den 07.10.2019. Den omsøkte arealendringa treng ikkje oppdatering av utsleppsløyvet. Statsforvaltaren påpeiker at flytting av fôringsanlegget frå land til fôrflåte inneber at ein del av støyproduksjonen blir flytta nærare bustader/fritidsbustader aust for anlegget. Avstand til nærmaste bygning er knappe 250 meter. Det inneber at Lerøy Vest AS må leggje vekt på å nytte støyreducerande verkemiddel og planlegge drifta slik at det blir minst mogleg støyproduksjon utanom dagtid på kvardagar.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Vestland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 3. *annen bruk av området, og*
 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, og*
 5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*
- d) *det ikke er i strid med*
 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven,*
 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

a) miljømessig forsvarleg

Når det gjeld vurderingar i forhold til omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar er dette gjort i tidlegare vedtak om maksimalt tillaten biomasse på lokaliteten. Då det ikkje skjer endringar i produksjonskapasiteten på lokaliteten er det i mindre grad trong for ytterlegare vurdering av desse punkta.

Statsforvaltaren har i samband med denne søknaden påpeikt at flytting av fôringsanlegget kan føre til endringar av støyutsleppet, både ved endring av utstyr og andre plassering. Statsforvaltaren peikar på at Lerøy Vest AS har eit sjølvstendig ansvar for å kunne dokumenterer at deira støyutslepp ligg innafør grensene som er sette i utsleppsløyvet.

B-undersøkingar på lokalitet Bognøy har gjennom fleire år synt miljøtilstand 1 (svært god). Siste B-undersøking ved maksimal belastning vart utført i august 2020 og synte miljøtilstand 3, dvs. 'dårleg'. Eitt år seinare, i juni 2021, vart det utført ny B-undersøking etter brakklegging av anlegget, og resultatet av denne undersøkinga synte miljøtilstand 1, dvs. 'svært god'. Ei utskifting av det kompakte stålanlegget med eit større anlegg bestående av 3 ringar, vil føre til at utslepp av organisk materiale vert spreidd over eit større område noko som etter vår vurdering kan bidra til å oppretthalde god miljøtilstand på lokaliteten.

Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreining av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville bestandane av laksefisk.

Rømming av laks og aure er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldande standardar og anna regelverk på dette området.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Naturmangfaldslova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 §§ 8-12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Akvakulturlova, laksetildelingsforskrifta, NYTEK – forskrifta, IK –akvakulturforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta sett krav til etablering og drift av akvakulturanlegg, og i dette regelverket er det krav til kunnskapsgrunnlaget før klarering av lokalitet. I den ordinære sakshandsaminga av akvakultursaker vert det kravd dokumentasjon i form av straummålingar, miljøgranskingar, kart over botntopografi, naturverdiar og biologisk mangfald, viktige lakseførande vassdrag, anleggsskisser, beredskapsplanar og dokumentasjon av selskapet sitt internkontrollsystem. Kommunen og sektormyndene vert gjeve moglegheit for å krevje supplerande utredningar. Fylkeskommunen finn at krava i akvakulturregelverket tilfredsstillar krava til opplysning av saka etter naturmangfaldlova, jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Søknaden har på vanleg måte etter reglane i Akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak.

Fylkeskommunen viser til vurderinga etter naturmangfaldlova § 8 og legg til grunn at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknader lokaliteten kan ha for naturmiljøet. Akvakulturlova § 10 slår fast at «*Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte*». Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å endre oppdrettsarealet på lokalitet Bognøy. Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Den samla belastninga på naturmiljøet i område vert i liten grad endra. Resipientundersøking i vassførekomsten har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt negativt påverka av

oppdrettsaktiviteten i området. Vi viser og til vår vurderingar etter laksetildelingsforskrifta § 30 fyrste ledd bokstav a krav om at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det er miljømessig forsvarleg. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg. Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreing av lakselus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville stammene av laksefisk, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbeholdt og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Bognøy ligg i vassførekomsten Radfjorden som i samsvar med Vann-nett har moderat økologisk tilstand. Det er ikkje venta at endring i plasseringa av fôrflåte vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårlegare.

b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.
Hovudårsaken til denne søknaden er at Selskapet vil erstatte noverande stålanlegget med eit meir framtidretta anlegg bestående av tre 160 meter ringar.

Fylkeskommunen legg etter dette til grunn at verksemda har eit vel grunna behov for å få klarert lokaliteten Bognøy slik dei har søkt om.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.
Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur. Fylkeskommune kan ikkje sjå at løyve kjem i konflikt med annan eksisterande eller planlagt akvakultur.
3. Anna bruk av området.
Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Ei kvar lokalisering av akvakulturanlegg i sjø vil medføre restriksjonar i høve til fiske og ferdsel i nærleiken av anlegget. Dette gjeld generelt og ikkje spesielt for denne lokaliteten.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Alver kommune er positiv til den omsøkte arealendringa.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser, og dei går heller ikkje imot at det vert gjeve løyve til auka lokalitetsarealet i anlegget.

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Alle naudsynte løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

Mattilsynet DK Bergen og Omland har tidlegare handsama søknaden etter Matlova og gjeve løyve til etablering av akvakulturanlegg på lokaliteten. Løyve dagsett 23.12.2010.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvasslova. Løyve dagsett 19.09.2021 er vedlagt.

Statsforvaltaren i Vestland har tidlegare handsama søknaden etter forureiningslova og gjeve utseppsløyve på lokaliteten. Utsleppsløyve dagsett 07.10.2019 er vedlagt.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.
I kommuneplan for Radøy ligg omsøkt areal for ny plassering av akvakulturanlegget og fôrflåten i område avsett til akvakultur. Fortøyingane til anlegget og fôrflåten vil delvis gå inn i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplan for Radøy og kommuneplan for Meland. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur.
2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova
Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.
3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.
Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det er kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Vestland fylkeskommune Lerøy Vest AS, org.nr. 886813082, med akvakulturlova med reg. nr. HH-R-6 og H-R-26 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på lokalitet Bognøy i Alver kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom- eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Anna

Vestland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningslova § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
Seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Utsleppsløyve frå Statsforvaltaren i Vestland 07.10.2019

Løyve frå Kystverket Vest 19.09.2021

Mattilsynet DK Bergen og Omland 23.12.2010

Kart over godkjent plassering

Klageskjema

Kopi:

Statsforvaltaren i Vestland


Fiskeridirektoratet Region Vest

Mattilsynet Region Sør og Vest

Kystverket

Alver kommune

Lokalitet 13209 Bognøy



Lokalitet 13209 Bognøy – Klarerte ytterpunkt

Midtpunkt: **60° 36.265', 5° 4.550'**

Areal: **24 411 m²**



Ytterpunkter

1: **60° 36.216', 5° 4.635'**


2: **60° 36.281', 5° 4.408'**

3: **60° 36.318', 5° 4.454'**

4: **60° 36.253', 5° 4.680'**

5: **60° 36.224', 5° 4.751'**


6: **60° 36.203', 5° 4.719'**



VEDLEGG 6.1.3 d)

BOGNØY

♀ - BOLT
 γ - BLINK
 ▬ - BØYIS
 ♀ - ANKER



(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Vestland fylkeskommune PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 12.10.2021
(3) Mottakar (namn og adresse) Lerøy Vest AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Retttil å krevjegrunggeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunggeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Retttil å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	